

Saksprotokoll i fylkeseldrerådet - 02.03.2021

Vigdis Helene Ravnøy sette fram slikt forslag:

«Livskvalitet og verdigheit gjennom tennene

Tennene er viktig for ein god livskvalitet. Og god livskvalitet er viktig for ei god allmenn helse. Det er med interesse og stor glede vi ser at fleire og fleire blir opptekne av tannhelsepolitikk og bruker både media og sosiale medium for å få fram bodskapet til dei som sitter med makta til å gjere noko med det.

Dette skjer ikkje minst på bakgrunn av at fleire og fleire, unge som eldre, står fram og fortel historiene sine ved å ha ei tannhelse som øydelegg for livskvaliteten sin. Nokon dyppar Paralgin Forte ned på ein blottlagt tannerve. Andre dyppar ein Q-tips med vodka ned i holet for å stoppe tannverken. Mange tør ikkje opne munnen i skam over tanngarden sin. Og mange eldre med därlege tenner kan ikkje lenger tygge maten og får i seg for lite mat. Det er også dokumentert at det er en samanheng mellom tannhelse og hjarte-karsjukdommar.

Det finst mange menneskelege tannhelsetragediar einskildmenneske opplever fordi økonomien ikkje tillet eit tannlegebesøk. Det er for dyrt. Denne utviklinga blir forsterka når ein blir eldre og har mindre økonomi, og tannlegerekningane blir større og større av mange grunnar.

Forsikringsselskapa tilbyr forsikring av tenner fram til 70 år. Det er vel unødvendig å fortelje grunnen til at alderen setter grenser. Men det er ei kjensgjerning at mange får problem med tennene etter 70 år.

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner det er no på tide at politikarane gjer noko med tannhelsepolitikken ved å innsjå at sjukdommar i munn, tenner og kjeve må stillast likt med sjukdommar elles på eller i kroppen. Tannhelse må sidestillast med medisin og andre helsetenester når det gjeld eigenandelsordninga. Det er ikkje velferdsstaten verdig at mange går rundt med tannhelseproblem når dette kan løysast ved ei auking på rundt 12 milliardar på eit helsebudsjett som i dag er på rundt 317 milliardar. Noreg har råd til eit slikt løft slik at ingen treng å gå rundt med ei därleg tannhelse og därleg livskvalitet.»

Avrøysting

Ravnøy sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Livskvalitet og verdigheit gjennom tennene

Tennene er viktig for ein god livskvalitet. Og god livskvalitet er viktig for ei god allmenn helse. Det er med interesse og stor glede vi ser at fleire og fleire blir opptekne av tannhelsepolitikk og bruker både media og sosiale medium for å få fram bodskapet til dei som sitter med makta til å gjere noko med det.

Dette skjer ikkje minst på bakgrunn av at fleire og fleire, unge som eldre, står fram og fortel historiene sine ved å ha ei tannhelse som øydelegg for livskvaliteten sin. Nokon dyppar Paralgin Forte ned på ein blottlagt tannerve. Andre dyppar ein Q-tips med vodka ned i holet for å stoppe tannverken. Mange tør ikkje opne munnen i skam over tanngarden sin. Og mange eldre med därlege tenner kan ikkje lenger tygge maten og får i seg for lite mat. Det er også dokumentert at det er en samanheng mellom tannhelse og hjarte-karsjukdommar.

Det finst mange menneskelege tannhelsetragediar einskildmenneske opplever fordi økonomien ikkje tillet eit tannlegebesøk. Det er for dyrt. Denne utviklinga blir forsterka når ein blir eldre og har mindre økonomi, og tannlegerekningane blir større og større av mange grunnar.

Forsikringsselskapa tilbyr forsikring av tenner fram til 70 år. Det er vel unødvendig å fortelje grunnen til at alderen setter grenser. Men det er ei kjensgjerning at mange får problem med tennene etter 70 år.

Fylkeseldrerådet i Vestland meiner det er no på tide at politikarane gjer noko med tannhelsepolitikken ved å innsjå at sjukdommar i munn, tenner og kjeve må stillast likt med sjukdommar elles på eller i kroppen. Tannhelse må sidestillast med medisin og andre helsetenester når det gjeld eigenandelsordninga. Det er ikkje velferdsstaten verdig at mange går rundt med tannhelseproblem når dette kan løysast ved ei auking på rundt 12 milliardar på eit helsebudsjett som i dag er på rundt 317 milliardar. Noreg har råd til eit slikt løft slik at ingen treng å gå rundt med ei dårlig tannhelse og dårlig livskvalitet.